

Rune Fanebust
 MANGERSNESVEGEN 196
 5936 MANGER

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 22/579 - 22/8967

Saksbehandlar:
 Laila Bjørge
 laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
 31.01.2022

Svar på spørsmål om fradeling og konsesjon ved kjøp av tomt - gbnr 444/10 Mangerneset

Gbnr 444/10 er registrert med 10 daa produktiv skog og er knytt til driftseinga gbnr 444/6. Dette går mellom fram av gardskart frå Nibio.



I følgje reglane i jordlova § 12 er det slik at sjølv om ein eig fleire gards- og bruksnummer vert det rekna som ei driftseining når dei er på same eigarhand. Det betyr at det må søkjast om deling av driftseining etter jordlova, og det er eigar av 444/6 og 444/10 som må søkja. Ein slik søknad kostar ingen ting å få behandla.

Det er ikkje eige søknadsskjema, men ein skriftleg søknad som bør innehalda ei grunngjeving t.d når vart 444/10 kjøpt til garden, kva har bruken av arealet vore , kvifor ikkje garden lenger har behov for å eiga dette skogsarealet og kva skal dei nye eigarane bruka det til.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/deling>

Arealet ligg i dag som Landbruk, natur og friluftsråd (LNF) i kommuneplanen, og det betyr at bruken av areala må vera i innafør denne kategorien. Ynskjer ein t.d å byggja der vil ein måtta søkja dispensasjon frå m.a. kommuneplanen.

Dersom det vert gitt løyve til deling av driftseining, må kjøparane søkja konsesjon for overtaking sidan eigedomen er meir enn 2 daa og ikkje bebygd. I handsaming av konsesjonssøknad vert føremålet til kjøpar vurdert i høve til kva planstatus området har. Det er eige søknadsskjema for konsesjon.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/konsesjon-paa-eiendom>

På dei to vedlagte lenkene kan du finna litt meir informasjon om både deling og konsesjon. Ta berre kontakt dersom du ha fleire spørsmål.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Fanebust

MANGERSNESVEGEN 196

5936

MANGER